

DØNNESFJORD VINDPARK AS  
Postboks 726  
9487 HARSTAD

**Vår dato:** 29.12.2022

**Vår ref.:** 200703769-227 Oppgi ved kontakt

**Dykkar ref.:**

## **Vedtak om utsett frist for idriftsetting frå 31.12.2022 til 31.01.2023**

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) viser til søknad av 21.12.2022 og tilleggsinformasjon av same dag frå Dønnesfjord Vindpark AS (DVAS) om utsett frist for idriftsetting av Dønnesfjord vindkraftverk frå 31.12.2022 til 31.01.2023.<sup>1 2</sup> Dønnesfjord vindkraftverk er lokalisert i Hasvik kommune, Troms og Finnmark fylke.

Endeleg konsesjon for Dønnesfjord vindkraftverk vart tildelt DVAS av Olje- og Energidepartementet den 19.11.2013. I konsesjonsvilkår nr. 2 er det satt ein frist om idriftsetting av anlegget innan 01.01.2020.<sup>3</sup> DVAS har tidlegare fått innvilga utsett frist for idriftsetting til 31.12.2022.<sup>4</sup>

DVAS søkte den 21.12.2022 om utsett frist for idriftsetting av Dønnesfjord vindkraftverk med ein måned, frå 31.12.2022 til 31.01.2023. DVAS grunngjev dette med at naudsynt verneutstyr og materiell for installasjon av system for fjernkontroll av kraftverket ikkje var korrekt levert og at veret i området berre tillèt tilkomst i vindkraftverket med snøscooter og at dette gjer det usikkert om dei rekker fristen for idriftsetting 31.12.2022. Dei skriv at alle komponentar i vindkraftverket er ferdig installert og godkjent for langtidsdrift av nettoperatoren Lucerna og at to av seks turbinar er sett i drift og har leverer straum på nettet.

### **NVEs vurdering**

NVE viser til at fristen for idriftsetting av Dønnesfjord vindkraftverk er 31.12.2022. Me konstaterer at to av seks turbinar vart sett i drift innan frist for idriftsetting, og at dei resterande turbinane ikkje er sett i drift grunna manglar på utstyr og materiell og redusert tilkomst til vindkraftverket.

Ei utvida frist for idriftsetting vil innebera noko ekstra arbeid ved dei fire siste turbinane, men omfanget av det utsette arbeid er vurdert til å vera veldig lite. NVE legg vekt på at alle komponentar i vindkraftverket vart ferdigstilt innan 31.12.2022.

---

<sup>1</sup> NVE ref. 200703769-226

<sup>2</sup> NVE ref. 200703769-228

<sup>3</sup> NVE ref. 200703769-122

<sup>4</sup> NVE ref. 200703769-189



På bakgrunn av at vindkraftverket er ferdig bygga, og det som står att er testing og kvalitetssikring av fire turbinar, finn vi det rimeleg å innvilga ei forlenging av fristen for idriftsetting av Dønnesfjord vindkraftverk frå 31.12.2022 til 31.01.2023.

NVE har ikkje funne det naudsynt å senda søknaden på høyring ettersom anlegget er ferdig bygd og den omsøkte endringa ikkje inneber negative endringar for ytre miljø.

### **NVEs vedtak**

Med heimel i energilova § 3-1, jf. § 10-4 andre ledd, gir NVE Dønnesfjord Vindpark AS utsett frist for idriftsetting av Dønnesfjord vindkraftverk frå 31.12.2022 til 31.01.2023.

NVE har vurdert at ein utvida frist for idriftsetting på ein månad ikkje vil gi vesentlege verknadar for naturmangfaldet samanlikna med det som vart vurdert i bakgrunn for vedtak av 23.05.2012, jf. naturmangfoldloven (nmfl.) § 8. Det blir derfor ikkje gjort ei ny vurdering av nmfl. §§ 9 til 12 no.

### **Klagerett**

Denne avgjerda kan påklagast til Olje- og energidepartementet av partar i saka og andre med rettsleg klageinteresse innan tre veker frå det tidspunktet denne underretninga er kome fram, jf. forvaltningslova kap. VI. Sjå vedlagt informasjon om rett til å klaga.

DVAS skal underretta grunneigarar/rettshavarar om vedtaket. Underretninga skal etter forvaltningslova gi opplysningar bl.a. om klagerett, klagefrist og retten til å sjå sakens dokument.

Med helsing

Inga Katrine Johansen Nordberg  
direktør

Svein Grotli Skogen  
seksjonssjef

*Dokumentet sendes utan underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutinar*

### **Mottakarliste:**

DØNNESFJORD VINDPARK AS

### **Kopimottakarliste:**

Hasvik kommune

Multiconsult AS - Kjetil Mork



## Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klagen?	Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du: <ul style="list-style-type: none"><li>• Skrive kva for vedtak du klagar på.</li><li>• Skrive kva for eit resultat du ønsker.</li><li>• Opplyse om du klagar innanfor fristen.</li><li>• Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen.</li></ul> I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klagt på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av OED som overordna forvaltingsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller OED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekkja vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.
Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kvar skal du sende klagen?	Du må adressere klagen til Olje- og energidepartementet (OED), men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no. NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til OED.

*Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.*